

Statleg friluftslivspolitik

Atle Hamar, statssekretær, Klima- og miljødepartementet

Denne regjeringa meiner at friluftslivet er viktig. Friluftsliv bidreg til betre livskvalitet og trivsel for svært mange.

Friluftsliv er den vanlegaste forma for fysisk aktivitet i Noreg, og i 2017 deltok heile 93% av befolkninga i ein friluftslivsaktivitet. Friluftsliv har også ein jamn deltaking i befolkninga, og er den forma for fysisk aktivitet der sosiale skilnader i minst grad spelar inn. Aktivitetsnivået er også høgt, då vi i gjennomsnitt utøvde friluftsliv 104 dagar i 2017. Fotturar er den vanlegaste aktiviteten, med ein oppslutnad på 85%. Utandørs bading kjem på andre plass, medan spaserturar i naturomgivnader er den tredje mest utbreidde aktiviteten.

Samtidig har den auka turismen i naturen gitt oss utfordringer som vi ikkje hadde for berre for år sedan, til dømes når det gjeld sikkerheit, slitasje og forsøpling.

Vi ønsker at alle skal ha moglegheit til å oppleve friluftslivets gleder. Difor har vi lagt fram ei Stortingsmelding om friluftsliv, 15 år etter at det vart gjort sist, for å styrke det samla friluftslivsarbeidet. Vi har i tillegg laga ein handlingsplan som konkretiserer oppfølginga av meldinga, som inneheld fleire nye tiltak. Skal vi nå måla for friluftslivsarbeidet, er samarbeidet mellom staten og fylkeskommunar og kommunar, og mellom det offentlege og dei frivillige organisasjonane, heilt avgjerande. Eg opplev at dette samarbeidet er svært godt, og at vi gjennom våre ulike roller i fellesskap får gjort svært mykje. Samlingar som til dømes Landskonferansen for friluftsliv, er viktig for å få dette samarbeidet til å fungere godt.

Stortingsmeldinga om friluftsliv slår fast at friluftsområde i nærmiljøet skal prioriterast i dei statlege verkemidla, slik at flest mogleg skal kunne utøve friluftsliv jamleg. Til dømes inneber dette at friluftsområde nær der folk bur skal prioriterast i ordninga statleg sikring av friluftslivsområde.

Terskelen for friluftsliv skal vere låg. Meldinga slår også fast at barn og unge skal prioriterast, i tillegg til personar som er lite fysisk aktive og personar med innvandrarbakgrunn.

Det er viktig å vite kva for type aktivitetar og tiltak som fungerer best. For å få meir kunnskap om dette løyva regjeringa 2,8 mill. kroner i budsjett for 2019 til et fleirårig prosjekt som skal kartleggje og vidareutvikle vellykka aktivitetstiltak innan friluftsliv for barn og unge. Prosjektet blir leia av Friluftsrådenes Landsforbund, og arbeidet skjer i et nært samarbeid med dei andre friluftslivsorganisasjonane.

I både stortingsmeldinga og i Handlingsplan for Friluftsliv er ferdselsårar ein raud tråd, med fleire konkrete tiltak. Mellom anna har Miljødirektoratet i år sett i gang eit eige ferdselsåreprosjekt. Prosjektet er fleirårig. Målet er å bidra til etablering av eit nettverk av turstiar og turvegar i kommunane. Merking, skilting og tilrettelegging bidrar til høg aktivitet. Samstundes er det viktig å tilpasse omfanget av tilrettelegging. Dei besøkande kan få ei dårlegare oppleving dersom det er for mykje skilt og merking. Difor bør tilrettelegginga differensierast.

For å auke merksemda om historia til dei gamle stiane, og for å skape nye attraktive turmoglegheiter, har Den Norske Turistforeining og Riksantikvaren gått saman om prosjektet Historiske Vandreruter. I

prosjektet skiltar og merkar ein ruter som byr på mange kulturminner og særleg interessant historie. Frå og med i år gir også regjeringa driftsmidlar til prosjektet.

I 2017 oppretta regjeringa tilskotsordninga Nasjonale turiststier. Ordninga gir økonomisk stønad til stigar som har ekstraordinært stort besøk, og der internasjonale turistar utgjer ein stor del av dei besøkande. Ordninga har bidratt til at talet på ulykker og redningsaksjonar har gått betydeleg ned. Slitasje og forsøpling av naturen har òg vorte vesentleg redusert på stiar som har fått støtte gjennom ordninga. Regjeringa vil vidareutvikla ordninga, og har starta arbeidet med å autorisera stigar til å få tittelen Nasjonal turiststi. Til saman kan det autoriserast inntil 15 stiar som Nasjonal turiststi.

Prosjektet Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde starta opp i 2014, og målet var at alle kommunar i landet skulle ha kartlagt og verdsett sine friluftslivsområde innan 2018. For å i størst mogleg grad nå dette målet har regjeringa forlenga prosjektet med eit år, til ut 2019. Gjennom prosjektet har vi fått mykje meir kunnskap om friluftslivsområda. No kan alle som driv med arealforvaltning lett sjå kvar friluftslivsområda er. Framover blir det viktig å oppdatere registreringene som er gjort. Miljødirektoratet er i gang med å lage verktøy og rettleiing for dette arbeidet.

Regjeringa meiner det er viktig å legge til rette for at friluftslivet kan utvikle seg. Difor har vi varsla nokre moderniseringar i friluftslova. Lova er i frå 1957, og mykje har skjedd med friluftslivet sidan 50-talet. Det er behov for nokre endringar i lova for å tilpasse den til nyare former for friluftsliv. Friluftsliv er ein integrert del av alle sektorar i staten. Sjølv om hovudansvaret for friluftsliv ligg i Klima- og miljødepartementet, er friluftsliv eit omsyn som det blir tatt omsyn til i alle relevante sektorar. Dette inneber ei sterk samla statleg satsing på friluftsliv.